



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1550 - 17/33777

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
29.11.2017

Oversending av søknad om dispensasjon til uttale - gbnr 141/32 Kvamme nedre

Tiltak: Bruksendring og tilbygg
Byggjestad: Gbnr: 141/32
Tiltakshavar: Ove Veland
Ansvarleg søkjar: Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS

Tiltaket

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå krav om utarbeiding av reguleringsplan i samband med søknad om tilbygg og bruksendring frå hytte til heilårsbustad

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som byggeområde for bustad.

Kommuneplanen har eit generelt krav til reguleringsplan før søknad om tiltak etter plan- og bygningslova § 20-3 kan godkjennast. Det er opna for mindre tilbygg utan regulering. Men bruksendring er omfatta av kravet om reguleringsplan, og krev dispensasjon for å kunna godkjennast.

Tilbygget på huset utan terrassen kjem inn under unntak frå krav om plan som gjeld for hus og hytter i byggeområde (50 m²) . Arealet på terrassen vil telja med om han ligg meir enn 0,5 m over terreng og då kjem samla areal for tilbygget over arealgrensa for unntak.

I dette bustadområdet på nedsida av fylkesveg 404 er det denne omsøkte og ei hytte til. Elles er det bustader.

Dispensasjonssøknaden

ligg i det vedlagte dokumentet «opplysninger til søknad» .



Vatn og avløp

Eigedommen er tilknytt kommunalt vatn og eit nyleg oppgradert felles avløpsanlegg. Kommunen ventar på fullstendig dokumentasjon.

Tilkomst og Parkering

Eigedommen fekk godkjent avkjørsle frå kommuneveg , tilkomstveg og biloppstillingsplass i 2016.

Kommunen si vegavdeling må klarlegga om avkjørselsløyvet gjeve 23.02.2016 vil gjelda for bustad, eller om det må søkast om utvida bruk.



Vurdering

Infrastrukturen vert vurdert til å vera tilstrekkeleg utgreidd for handsaming av dispensasjonssøknad, men det må dokumenterast betre før handsaming av byggesøknad.

Før vi handsamar dispensasjonssøknaden, ber vi om uttale til søknaden.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Nabovarsel
Situasjonsplan
Teikningar
Terrengprofil
Svar på dispensasjonssøknad
Opplysninger til søknad 20171026-signed_m_vedlegg
Søknad om løyve til tiltak - gbnr

Kopi til:

Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS	Kvingebakkevegen 97	5981	MASFJORDNES
Ove Veland	Stranda 803	5993	OSTEREIDET

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
Lindås kommune - Planavdelinga			
Lindås kommune - vegavdelinga			
Statens vegvesen	Postboks 8142 Dep	0033	OSLO